



Wiggo Rinde
Nilsrud 30
3844 ÅMOTSDAL

DELEGERA HANDSAMING - VEDTAK

Delingsak- delegera - nr. 14/3

149/1- Myrbøenvegen - Søknad om frådelling av hyttetomt

Saksopplysningar:	
Søkjær (ar) : Wiggo Rinde	Oppmåling jnr.: 4/2014
Gnr/ Bnr.: 149/1	Eigedommens adresse:
Sakstype: Deling av grunneiendom med oppmålingsforretning	Myrbøenvegen, 3844 Åmotsdal
Planstatus: Fritid/hytte føremål	Plantype: Reguleringsplan

Saksdokument: Søknad om deling motteke den 23.01.14
Situasjonskart
Gjenpart av nabovarsel

Saksutgreiing:

Eigar av gnr. 149, bnr. 1 Wiggo Rinde, søkjær om å dele frå ei hyttetomt på sin eigedom Bøle i Åmotsdal. Den omsøkte tomta er på 900 kvm og kjøpar er Jan-Ivar Hansen frå Lommedalen.

Vurdering etter plan- og bygningslova

I reguleringsplanen over Nilsrud hyttegrend, eigengodkjent den 06.12.2001, er den aktuelle tomta vist som tomt nr. 22. Tiltaket er såleis i tråd med gjeldande plan.

Tilkomst

Ved frådelling av nye tomter er det viktig at ein sikrar at tomtene får tilfredstillande tilkomst frå off.veg. I dette tilfelle ligg det føre ein godkjent reguleringsplan der tilkomstspørsmålet tidlegare er avklara.

Nabomerknader

Det har ikkje kome merknader til nabovarsel som vart sendt den 22.01.14

Vedtak:

Teknisk sjef godkjenner søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca. 900 kvm frå gnr. 149, bnr. 1. Vedtaket er gjort etter delegera fullmakt og reglane i plan og bygningslovas § 20-1

Vedtaket kan påklagast etter plan- og bygningsloven § 1 – 9 og forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker etter att vedtaket er motteke. Grunna klage kan sendast Seljord kommune. Godkjenninga gjeld i tre år frå dagens dato jmf. pbl. § 21-9

Seljord den 06.02.14

Kåre Groven
Teknisk sjef

Bjørn Arild Hagen
Avd.ing

Kopi til:

Jan-Ivar Hansen Haugsåsen 34 1350 LOMMEDALEN

—

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Teknisk avdeling	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet) (2) Dato
(3)Mottakar (namn og adresse) Wiggo Rinde, Nilsrud 30, 3844, ÅMOTSDAL	(4)Klageinstans Fylkesmannen i Telemark
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klageinstans, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere kva for eit vedtak De klagar på årsaka til at De klagar den eller dei endringar De ønskjer eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og tilå krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	